

På www.firdaposten.no

- Følg med i den lokale debatten
- Sjå på intervjuet via webkamera
- Følg med i skipstrafikken



Investerer i krisetid

Tommy Solheim har investert i ein større lektur. Den ligg no i tørrdokka på STX for modifisering. Side 4-5

FLORØ 150 år

LAURDAG
23. januar 2010

• Nr. 10 • Veke 3 • 62. årgang • Kr 15,-

Firdaposten



Gav Jacob starthjelp

Jacob Nødseth har ikkje all-tid brukt slips. I barnehagen til eks-SV-statstråd Heidi Grande Røys sleit han barneskoa, utan å bli politisk styrt. Les side 12 og 13

«Hvert år har Florø Skoles Musikkorps ALDRI vært under 94 poeng. I 1. divisjon. Det viser at FSM har en dirigent som er av landets beste»

Lesarbrev side 6

Fekk 130.000 akvariekroner på ei veke

– Responsen er heilt utruleg, seier Monicha Landøy. Side 11

Steinhovden skal ha privatskule

■ Brikkene fell på plass for Montessorri-skule



VURDERER SKULEORDNING: Førre veke var Nina Sundmark frå Montessorri-skulane på gremdamøte i Steinhovden.

DAT SETTER 8 VINTERKAMPANJEBILLETTER TIL SALG PÅ ALLE AVGANGER

Bestill din billett senest 14 dager før avreise. Reiseperiode: 12. februar - 28. februar.

VINTERKAMPANJE
FLORØ ↔ OSLO
ÉN VEI KUN

495,-
FLORØ ↔ BERGEN

395,-

PRISEN ER INKL. AVGIFTER
BESTILL BILLETEN PÅ
WWW.DAT.DK



Båtfolket skal ikkje gå i «Måløyfella»

Forsiktige «Nordsteam» for dampskip og veteranfjordabåtar engasjerte meir i Bergen enn «Tall ships race». Avleggjaren «Fjordsteam» i august kan verte det største og mest minneverdige med heile 150 års jubileet for Florø by. Men arrangørane avviser at Fjordsteam kan gå i Måløyfella. Side 7

Innbyggjarane i Steinhovden er lei av den langvarige kampen om grendeskulen si framtid. No bur dei seg på å starte opp ein Montessori-skule, dersom kommunen vel å leggje ned. Det same gjorde innbyggjarane i Holmedal i Askvoll, då kommunen i 2005 la ned bygdeskulen. Holmedal Montessorri-skule har i dag dobbelt så mange elevar som før den vart lagd ned. Side 10



7 029430 403628



STOR FEST: Sander Ødelien i Atløysvenner og Øyvind Konglevoll i veteranlaget for Stavenes, har planane klare for å fylle vika med veteranbåtar og gamle damparr. Fjordsteam kan fort bli det folk vil hugse aller best frå årets 150 års feiring av byen.

Ventar 25 veteranskip

■ Skal fylle Florevika med veterandamparar

FLORØ: «Nordsteam» samla flest av alle arrangement då Bergen var europeisk kulturby. Arvtakaraen «Fjordsteam» kan fort verte den største folkfesten når Florø skal feire byjubileet i eit heilt år.

OLAV HATLEMARCK
olav.hatlemarck@firdaposten.no

Over 100 000 engasjerte tilsko-

darar samla seg rundt Vågen, då den stolte flåten av norske veterandampskip og fjordabåtar kom seglande inn til Bergen. Mang ein gammal sjøulk tok til tårene då dei gamle skipsfløyene let på veg inn til vestlandshovudstaden.

Nøkterne folk

Denne veka var Øyvind Konglevoll i Florø for å snakke med sponsorar og feste grepet saman med den lokale arrangøren Sander Ødelien og Atløys Venner. Konglevoll er leiari for veteranlaget for «Stavenes», men var også sjef for dei to svære Nord-

«Fjordsteam blir heilt sikkert noko folk vil hugse best frå 150-årsfeiringa til byen».

Øyvind Konglevoll

steam-arrangementa i Bergen det siste tiåret.

Konglevoll og Ødelien garanterer for at Fjordsteam ikkje vert nokon repetisjon av Måløys «Tall Ships Race» med økonomisk fadese.

– Nøkterne folk som tek vare på fjordabåtane er ikkje med på slikt. Dette blir ikkje noko dyrt arrangement. Ingen får betaling.

Hit kjem ingen avdanka rockegrupper. Likevel vert det mykje liv og røre, forsikrar Konglevoll.

Dei einaste større utlegga vert drivstoff til båtane som kjem. Og ei viss økonomisk støtte må arrangøren ha, både frå Flora kommune og lokalt næringsliv.

Stavenes

– Tenk deg synet av 25-30 vete-

ranskip som kjem sigande inn til Florø til hornmusikk 5. august, saman med M/S «Atløys», Norges største attverande dampskip, «Stord», og i følge med ein stor fritidsflåte, seier Ødelien.

Dei har eit stort håp om at den eldste av dei alle, ein ferdig restaurert D/S «Stavenes», vert klar til å komme for eiga maskin etter langvarig restaurering i Dåfjorden ved Stord.

– Fjordsteam blir heilt sikkert noko folk vil hugse best frå 150-årsfeiringa til byen. I Bergen stod gamlekarane og gret. Eg er sikker på at det blir slik her òg, spår Konglevoll.

For veteranar av alle slag

«Fjordsteam» vil dra med seg mange andre arrangement.

Det er planlagt stor torgdag i Florø under «Fjordsteam»-arrangementet. Meininga er at veteranskipa då skal hente folk og varer på øyane og plassane kring Florø, for å ta dei med til byen.

Arrangøren har fått Norsk rutebilhistorielag til å vise fram gamle rutebilar og planlegg utekino på rådhusplassen med visning på ein av husveggen. Det

vert jobba for å få ein veteranbrannbil frå Bergen. Sunnfjord veteranbilklubb skal halde biltreff med parade i Strandgata. Hit ventar dei 100 bilar. Folkevognklubben frå Bergen kjem.

Dessutan er «Svanhild»-folket blitt utfordra til å lage til regatta, medan Fjordsteam skal ha sin eigen konkurranse for damp- og veteranbåtar med kappkøyring på Florevika.

Fjordsteam skal leggje ruta si til Florø slik at flåten kan stoppe på stoppeplassane til ekspressbåtane. Då kan folk langs heile

kysten få sjansen til å reise med ein av båtane vidare til Florø.

Irsk musikk på Quality Hotel og opne båtar i hamna skal gjere sitt til at det blir ei triveleg helg i Florø i dagane 5. - 7. august.

KJEM: D/S Stavenes vart bygd i 2004 og kan bli det store høgdepunktet under fjordsteam i Florø om dei greier å gjere båten klar til samlinga. Her for den omfattande restaureringa ved kai i Bergen i 2005. (Foto: Magnus Helge Torvanger)

